

(Upublisert artikkel – kortversjon trykt som leserinnlegg i Aftenposten 17. juni 2008 med overskrift "Striden om stadnamna";

<http://www.ogskagestad.net/StadnamnaAftenpostenJuni08.pdf>; samt

<http://www.ogskagestad.net/StadnamnstridAftenpostenJuni08.pdf>.)

OGS/- 10.06.08.

**Odd Gunnar Skagestad:**

## **Stadnamna, eigedomsretten og kulturarven**

Det er ilter debatt om korleis norske stadnamn skal skrivast. Er dette noko som staten åleine skal bestemma, som forvaltar av kulturarven vår? Eller lyt staten ta omsyn til verdiar som eigedomsrett, slektskjensle, lokale tradisjonar og sjølvråde-ynskjer osb.?

Aftenposten sin kronikk 8. juni, "Striden om gardsnamna" tek såleis opp eit stridsemne som interesserar mange, serleg når det gjeld gardsnamn som ofte òg er slektsnamn. Her kan ein snøgt råka borti spørsmål som: "Skal grunneigaren eller det offentlege fastsetja skrivemåten av gamle stadnamn?", og: "Kan omsynet til stadnamnvern og sjølveigardemokrati sameinast?"

Kronikkforfattaren er fyrsteamanuensis ved Universitetet i Oslo, Botolv Helleland. Sidan 1984 har han òg vore ein av statens namnekonsulentar. Dette inneber tydelegvis at jobben hans m.a. er å verne om Lov om stadnamn, ei lov som vart vedteken i Stortinget 18. mai 1990 med tilslutnad frå alle partia med unntak av Framstegpartiet.

Dette er ikkje fyrste gongen Helleland ytrer seg offentleg om desse spørsmåla: Sjå til dømes Aftenposten sin kronikk 25. juni 2004 "Skrivemåten av stadnamn – offentleg eller privat sak?", der han målbar langt på veg dei same synsmåtane som han gjer ved dette høvet.

Eit nytt tilhøve har jamvel dukka opp: I kronikken sin denne gongen blæs Helleland til strid mot eit framlegg som leiaren i Stortinget si familie- og kulturnemnd sende til kulturminister Trond Giske 16. mai. Framlegget har nemninga Dokument nr.8:58 (2007-2008), og er ei oppmoding om å endra stadnamnlova slik at grunneigarar får vetorett i skrivemåten av namnet på eigedomen.

Eit namn skrive på ein måte som ein er fortruleg med og som ein kjenner som sitt, er meir enn eit namn. Det er eit symbol, og dersom dette symbolet får ein eller fleire bokstavar endra, kan det kjennast som noko er borte. Frå dette synspunktet kan det verka rimeleg at til dømes ein grunneigar får bestemma over namnet på eigedomen sin. Men i samhøve med stadnamnlova har ikkje grunneigaren rett til det. Føremålet med det framlegget som no ligg på statsråden sitt bord er nettopp å bøte på dette brotet på eigedomsretten.

Helleland seier seg medveten om at for mange høyrer dette ut som eit rimeleg krav. Er ein eigar av eit gardsbruk, bør ein òg ha rett til å bestemma namn og skrivemåte på eigedomen. Så langt er det lett å seie seg samd med kronikøren.

Men det syner seg at Helleland sitt ærend helst er å fremja det motsette synet – at skrivemåten av stadnamn er ei offentleg sak. Sjølv om mange av oss har eit gardsnamn som slektsnamn, og sjølv om mange ynskjer å ha råderett over namnet på eigedomen også i offentleg bruk, må stadnamna – slår han fast – forvaltast som ein nasjonal eigedom. I den førre kronikken sin for fire år sidan gjorde Helleland greie for kvifor det lyt vere slik – kva for omsyn som stadnamnlova tek sikte på å stette:

- Av di stadnamna fungerer som ei adressetavle i det språksamfunnet dei vert brukte i, må ein halde ein viss orden i ortografien – dette er ein del av føremålet med stadnamnlova.
- Det er likevel eit anna og overordna omsyn som ligg i botnen av stadnamnlova, nemleg kulturminneomsynet.

Denne gongen ordlegg han seg lite grann annleis, jamvel om budskapet er den same:  
*”Gamle stadnamn er heller ikkje noko som ein legg ut på sal saman med den eigedomen som ber namnet. Det er ein del av kulturarven og eit fellesgode. Å sikra dette har vore eit hovudmotiv for lov om stadnamn”.*

Men av desse omsyna følgjer det òg at det normalt ikkje bør vere meir enn ei offisiell skriftform av eit namn på ein og same staden.

Kva skal me seie til dette?

Som siviliserte menneske lyt me saktens ha vørndnad for kulturminne-argumentet, men at kulturminneomsynet jamvel gjer det naudsynt for styresmaktene å handheva ei streng

stadnamnlov, kan det vere ulike meiningar om. Kulturminna våre går nok ikkje tapt enda om vi tillèt mangfald i skriftbileta. Derimot tykkjest det vettugt at adressetavla må vere eintydig. Og difor tykkjest det òg logisk at det ikkje bør vere meir enn ei offisiell skriftform av eit namn på ein og same staden.

Ei sak som Helleland *ikkje* nemner i kronikken sin, er at denne regelen i røynda også gjeld for det gjævaste av alle stadnamna våre – namnet på sjølve landet der me bur. For landet vårt *har* faktisk eitt – og berre eitt – offisielt namn: (Kongeriket) *Norge*, som det står skrive i Grunnlova. Dette nemner ikkje Helleland noko om.

Det er vèl kjend at mange nynorskbrukarar har hatt ein tilhug til å nytta den private skriftforma *Noreg*, stundom jamvel i offentleg målbruk. Ein kan undrast kvifor, når me òg veit at denne namneforma ikkje finst i nokon norsk dialekt, og at ho knappast vert nytta i munnleg tale av nokon – korkje av nynorskbrukarar eller andre – her i landet. Men – som Helleland nemner i kronikken sin – i privat samanheng kan ein sjølvsagt skriva slik ein vil. Stadnamnlova gjeld skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk, til dømes på kart og offentlege vegskilt. Mange vil rett nok finna det mest føremålstenleg å nytta den offentlege normeringa jamvel i privat bruk (såleis skriv eg sjølv *Trondheim* enda om eg – like eins med folk flest – seier *Trondhjem*).

Men i *offentleg målbruk* er regelen klår – her heiter landet vårt *Norge*, og forma *Noreg* er ulovleg.

Her vert det synda mykje, og den største syndaren av dei alle er staten sjølve: Alt i 1951 fekk me dei fyrste frimerka med skriftforma *Noreg* (Arne Garborg i tre verdiar). Sidan har det kome mange fleire, og etter kvart dukka ”*Noreg*” opp på pengesetlar, myntar, passbøker osb. No kan me knapt råka på ei statleg tekst – på båe målformer – utan å sjå denne ”bytingen” grina mot ein.

Dette er keisamt – av båe dei to omsyna (adressetavla og kulturminne-omsynet) som stadnamnlova, etter det som vert opplyst, skulle verna om.

Det er òg keisamt av di denne verksemda berre kveikjer opp under det veksande hatet andsynes nynorsken som me kan sjå så alt for tydeleg – ikkje berre hjå ungdomsskule-elevar i hovudstaden, men frå landsende til landsende. Dette er ikkje berre keisamt, men òg sørgjeleg.

Om nynorsken skal overleva, må kreftene setjast inn på arbeid med mål og meining (”...*mot rikare mål å trå*”), - ikkje på å halda liv i ein uturvande språkstrid.

Kan hende lyt einkvan skriftlærd person (Helleland eller nokon annan) skriva ein ny kronikk, der det vert gjort greie for kva som er rett lov og skikk og bruk når Fedrelandet skal omtalast. Det ville vel knappast løyse problemet eller fjerne den usemja som rår i dette spørsmålet, men kunne vonom hjelpe til med å lyfte ordskiftet opp på eit meir oppbyggjeleg plan.